

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~XNSHBEKING~~ 5

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voll

Emne: Vassbering

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gård:

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mest etter eiga røynsle.

SVAR

1. Her har vore bore heim mykje vatn med vassåk attigjennom tida. Vassåket har vi alltid kalla børtre.

Den typa som har vore brukt her så lengg det er spurt, er den som kviler med like stor tyngd på begge skuldrer, med uthola opning som høver til skuldrane og halsen. Børtreet var ofte litt bøygå, men ikkje meir enn ein kan kalla det rett. Ute i begge endane var det fest ei jarnlenke, oftast i ein kjeng som var slegen inn i treet under. I nedste enden av jarnlenka var ein jarnkrok. Jarnlenka vart kalla børtreband, og kroken børtrekrok. Det var ikkje alltid brukt jarnlenke til børtreband. Sume gonger vart det brukt tau, - kroken kunne då vera av grov streng. - Børtrebanda var så lange at dei kunne hektast i hop, krok i krok, så ein kunne bera treet på aksla som eit anna gevær; når ein gjekk stad etter bær, t.d. på sætra. - På sume børtre var det fest ein krok på bandet oppunder treet, så ein kunne regulera lengda på bandet med å ta i ei lekkje kvar som helst på bandet og hekta opp på kroken. Bandet vart då stuttare. Når borna skulle bera vatn, måtte ein gjera det slik, dersom ein ikkje vakka bandet rundt enden av treet ein eller fleire gonger - etter storleiken på den som skulle bera. - Her i bygda er det no å kalla slutt å bera vatn med børtre. For alle - så å seia - har innlagt springvatn i kjøken og fjøs. Men børtreet blir brukt til å bera med til og frå sætra - no som før.

2. Så vidt eg veit, har det aldri vore brukt her å henta vatn i eit lagga kar med to øyre, og som ~~XXX~~ to bar på ein staur mellom seg på skuldrene.

3. Her har heller ikkje vore brukt å setja vasskaret på ei ski og skuva det føre seg. Men det har vore brukt å køyra vatn i stamp eller tønne, når det ein hende gong vart slik at vasskjelda heime t.d. fraus vekk. I slike tilfelle har det vore brukta leggja ei trebytte oppi stampen så ikkje vatnet skupla ut or.

4. Det har oftast vore kvinnene på gardane som har hatt arbeidet å bera vatn, - kjerringa eller tenestgjenta, eller ei av døtrene i huset. Mannen på garden bar ein hende gong, - ein av sønene kunne og gjera det, eller ein tenestgut.

2

5. Vassbering til kjøken og fjøs og stall har vore brukt på alle gardar her i bygda, både på små og store - og på husmannsplassar. Men då den tida kom at folk tok til med å leggja inn springvatn i stovehus og fjøs, vart det meir og meir slutt med vassbering. Før sinkbyttene kom i bruk, bar dei vatnet i lagga trebytter - på børtre. Desse heimgjorde trebyttene kunne ta ei 12-14 liter, sume gonger meir. Så det vart ikkje nokor lett bær når byttene var braddfulle. Var det då eit stykke til bekken eller brunnen, så tok det på kreftene å bera vatnet åt ein buskap på 8-10 kyr. Men det måtte gjerast, og kvinnfolka mukka vel-ikkje så ofte. Dei var vane med det. Dei såg det same frå dei var små. (Men kom no og byd ei 18 års jente budeieplass, der ho må bera vatn til buskapen på børtre i to tunge trebytter. Ho ville helst tru du var ikkje rett oppi det øvste)

6. Sjå sv. 3.

7. Tilhøva her i bygda i dag når det gjeld dette vassspørsmålet, er at alle har innlagt springvatn, i stovehus og fjøs. Det er altså slutt med vassbering i gamal stil.

1426

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING